



Reglement for Eldrerådet i Aukra

Vedteke i: K-sak 4/92

GJELDANDE REGLEMENT FOR ELDRERÅDET – VEDTATT I K-STYRET SAK 4/92.

1. VAL OG SAMANSETNING

Eldrerådet i Aukra kommune har 5 medlemmar med personlege varamedlemmar. Fleirtalet av rådsmedlemmane skal vere alderspensjonistar i kommunen og er valt av kommunestyret.. Helse- og sosialstyret og Undervisning og kulturstyret vel eit medlem m/varamedlem kvar.

Medlemmane er valte for valperioden. Pensjonistforeiningar har rett til å kome med forslag til medlemmar

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar som skal velgjast mellom pensjonistane i rådet.

2. OPPGÅVENE TIL ELDRERÅDET

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen og skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Alle saksdokumenta som rådet har rett til å uttale seg om skal leggjast fram i god tid tid før kommunestyret handsamar sakene. I det høve avgjerande mynde er lagt til hovedutvala ved lov eller delegasjon frå kommunestyret, gjeld same reglar som for kommunestyret.

NB. Dei samla etatsforslaga vedr. årsbudsjett skal oversendast leiaren i eldrerådet når det ligg føre.

Dette gjeld og for planforslag jfr. reglement.

Sekretariata for hovedutvala sender sakskartet til leiar for eldrerådet. Han tar kontakt med vedkomande sekretariat dersom han ønskjer nærare opplysningar.

Evt. uttale frå eldrerådet blir gjort i møte.

3 MØTA I RÅDET.

Møta i rådet skal handast for åpne dører. Leiaren har ansvaret for å kalle inn til møtet, det praktiske arbeidet blir ordna i samråd med sekretariatet.

Rådsmedlemmene blir innkalla skriftleg med vanleg varsel.

Rådet er vedtaksført når 3 medlemmar er til stades

Protokoll etter same system som elles i kommunen.

4. ANDRE FØRESEGNER.

Medlemmene har teieplikt jfr. fvl. § 13.

Sekretær for eldrerådet er formannskapssekretæren.

Utgiftene til drift av eldrerådet vil bli belasta sentraladministrasjonen sitt budsjett.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide melding om verksemda si til kommunestyret.

Medlemmene skal ha møtegodtgjering som for andre kommunale ombod.